



DET KONGELEGE
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 111

(2004–2005)

Om lov om endring i barnevernloven
(opplysningsplikt mv. for krisesenter til
barneverntenesta)

Innhald

1	Innleiing	5	6.1	Behovet for at krisesenter får opplysningsplikt til barnevernet	10
2	Bakgrunn	5	6.2	Nærmare om lovfesting av ei opplysningsplikt for krisesenter til barnevernet	11
3	Situasjonen i dag og gjeldande rett	6	7	Økonomiske og administrative konsekvensar	13
4	Vurderingar og forslag frå arbeidsgruppa	8	8	Merknader til paragrafen	13
5	Synspunkt frå høyringsinstansane	10	Forslag til lov om endring i barnevern-		
6	Vurderingar og forslag frå Barne- og familiedepartementet ..	10	loven (opplysningsplikt mv. for krisesenter til barneverntenesta)		
					14



DET KONGELEGE
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 111

(2004–2005)

Om lov om endring i barnevernloven (opplysningsplikt mv. for krisesenter til barneverntenesta)

*Tilråding frå Barne- og familiedepartementet av 2. september 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Departementet legg med dette fram forslag til endringar i barnevernlova. Tiltaket er eit ledd i arbeidet for å verne barn mot overgrep.

Departementet foreslår at dei private krisesentra får ei lovpålagd opplysningsplikt til barneverntenesta på linje med andre organisasjonar og private som utfører oppgåver for det offentlege. Departementet foreslår at opplysningsplikta blir skilt ut i ei eiga føresegn i barnevernlova, som også gir pålegg om teieplikt om forhold krisesentra får kjennskap til i samband med at barneverntenesta hentar inn opplysningar.

2 Bakgrunn

Krisesentra gir råd, støtte og rettleiing og eit melombels butilbod til personar som har vore utsette for mishandling, vald og overgrep i heimen. Dei barna som kjem saman med mor si til eit krisesenter, har ofte sjølve vore utsette for overgrep, anten direkte eller ved å ha vore vitne til vald. Å oppsøkje krisesenteret kan vere det første steget for kvinner på veg ut av eit valdeleg forhold. Det er likevel kjent at kvinna i ein del tilfelle flyttar tilbake til overgriparen med barn som ho har omsorga for.

Det er vel dokumentert at det kan ha alvorlege skadeverknader for barnet å bli utsett for vald og

overgrep, anten direkte eller som vitne til vald. Departementet viser her til NOU 2003: 31 Retten til et liv uten vold, der det går fram at barn som er vitne til vald, har tilsvarende skadeverknader som dei som blir direkte utsette for valden. Det at omsorgspersonen til barnet blir utsett for vedvarande vald, utgjer ein uholdbar omsorgssituasjon for barnet og må derfor i utgangspunktet reknast som ein alvorleg omsorgssvikt.

Av St.meld. nr. 29 *Om familien – forpliktende samliv og foreldreskap* (Familiemeldinga) går det fram at regjeringa vil vurdere å påleggje krisesentra ei plikt til å melde frå til barnevernet dersom ei mor flyttar tilbake til ein valdeleg far/partnar, og det er grunn til å frykte at barnet kjem til å lide overlast.

I NOU 2003: 31 Retten til et liv uten vold blir det også tilrådd at krisesentra får ei plikt til å melde frå til barnevernet etter barnevernlova § 6-4.

Barne- og familiedepartementet sette våren 2003 ned ei arbeidsgruppe med representantar frå Justisdepartementet, Politidirektoratet, Oslo tingrett og Barne- og familiedepartementet. Gruppen fekk i oppgåve å drøfte tiltak for å verne barn mot overgrep, under dette innføring av ei opplysningsplikt for krisesentra til barnevernet i situasjonar der barn er involverte.

Arbeidsgruppen leverte rapporten «Tiltak for å beskytte barn mot overgrep. Forslag om endringer i barneloven m.v.» 16. februar 2004. Rapporten blei

send på høyring 5. april 2004, med høyringsfrist 2. juli 2004 til desse instansa:

Aleneforeldreforeningen
 Alternativ til Vold, Drammen
 Alternativ til Vold, Oslo
 Alternativ til Vold, Telemark
 Amnesty International Norge
 Barne- og familieetaten i Oslo
 Organisasjonen mot offentlig diskriminering
 Norsk Politiforbund
 Lensmannsetatens Landslag
 Politiembetsmennesenes Landsforening
 Universitetet i Oslo
 Barneombudet
 Den Norske Advokatforening
 Den norske Dommerforening
 DIXI ressursenter for voldtatte
 Domstoladministrasjonen
 Forum for Menn og Omsorg
 Foreningen 2 Foreldre
 Fylkeskommunene
 Fylkesmennene
 Fylkesnemndene for sosiale saker
 Høyesterett
 Incestsenteret for menn
 Institutt for menneskerettigheter
 Juridisk rådgivning for kvinner
 Juss-buss
 Kirkelig ressursenter for mishandlede kvinner
 Kommunenes Sentralforbund
 Kompetansesenter for voldsofferarbeid
 Kriminalpolitisen
 Krisesenterbevegelsen i Norge
 Krisesentersekretariatet
 Krisesenterforbundet
 Kvinnegruppa Ottar
 Landsforeningen for voldsofre
 Likestillingsombudet
 Likestillingssenteret
 Norsk Kommuneforbund
 Politidirektoratet
 Redd barna
 Reform ressursenter for menn
 Riksadvokaten
 Universitetet i Bergen
 Universitetet i Oslo
 Universitetet i Tromsø
 Sentralkontoret for folkeregistrering
 Sivilombudsmannen
 Støttesenter mot Incest
 Departementer, alle

Desse instansane har gitt realitetsfråsegner når det gjeld spørsmålet om opplysningsplikt for krisesentra til barnevernet:

Utlendingsdirektoratet
 Oslo kommune, Byrådsavdeling for velferd og sosiale tjenester
 Oslo kommune, Barne- og familieetaten
 Kommunenes sentralforbund
 Fylkesmannen i Rogaland
 Fylkesmannen i Oslo og Akershus
 Fylkesmannen i Vest-Agder
 Fylkesmannen i Hedmark
 Krisesentersekretariatet
 Norsk Krisesenterforbund
 Den Norske Advokatforening
 Fagforbundet
 Barneombudet
 Redd Barna
 Juridisk rådgivning for kvinner (JURK)
 Stiftelsen Alternativ til Vold (ATV)
 Forum for Menn og Omsorg (FMO)
 BarneFaren

3 Situasjonen i dag og gjeldande rett

Krisesentra tilbyr akutthjelp til offer for vald i nære relasjonar, og dei er eit supplement til det offentlege hjelpeapparatet. Det finst i alt 50 krisesenter, spreidde over heile landet. 15 senter er organiserte i Norsk Krisesenterforbund, dei andre er organiserte i Krisesentersekretariatet, med unntak av nokre få senter som ikkje er organiserte i nokon av paraplyorganisasjonane. Krisesentra har ulike former for eigarskap, og dei blir drivne på ulike måtar. Fem av sentra er offentlege (kommunale), dei andre 45 er private.

Statistikk for krisesentra i 2004, utarbeidd av Universitetet i Oslo (Nasjonalt kunnskapssenter for vold og traumatisk stress), viser at i 2004 hadde 1752 kvinner og 6 menn opphald på krisesenter. Det overnatta 1219 barn på dei 44 sentra som var med i undersøkinga. På landsbasis inneber det at 1571 barn hadde opphald på krisesentra. I statistikken frå 2003, då 42 prosent av kvinnene hadde barn med på krisesenteret, meinte 78 prosent av desse kvinnene at barna hadde høyrte eller sett valden som var årsaka til at kvinnene hadde kome til krisesenteret.

Det finst inga eiga lov som regulerer verksemda i krisesentra, til dømes om teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett. Teieplikta er viktig i denne samanhengen fordi ho set grenser for kva for opplysningar ein kan gi vidare.

Den teieplikta, opplysningsplikta og opplysningsretten krisesentra har, varierer og er avhengig av om det er eit privat eller eit offentleg drive krisesenter. For dei private sentra varierer det igjen, avhengig av om ein vurderer det slik at dei behandlar personopplysningar og såleis fell inn under regelverket i personopplysningslova. Dei fleste av sentra har utarbeidd eigne erklæringer om teieplikt. I retningslinjene for statstilskot til krisesentra går det vidare fram at alle som arbeider ved krisesentra, skal ha teieplikt. I tillegg kan profesjonsutøvarar ved krisesenteret vere omfatta av profesjonsbestemt teieplikt. Alle er omfatta av avverjeplikta etter straffelova § 139.

Offentlege krisesenter:

Barnevernlova § 6-4 gir offentlege styresmakter pålegg om opplysningsplikt til barnevernstyresmaktene, utan hinder av teieplikt, når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen, eller når det har skjedd andre former for alvorleg omsorgssvikt. På lik linje med offentlege styresmakter reknar ein organisasjonar og private som utfører oppgåver for staten, fylkeskommunar eller kommunar. Opplysningsplikta gjeld både av eige tiltak og etter pålegg frå barneverntenesta. Dei krisesentra som er i offentleg eige, er omfatta av denne føresegna og har såleis i dag opplysningsplikt til barneverntenesta.

Barnevernlova § 6-4 har denne ordlyden:

«Opplysninger skal så langt som mulig innhentes i samarbeid med den saken gjelder eller slik at vedkommende har kjennskap til innhentingen.

Offentlige myndigheter skal av eget tiltak, uten hinder av taushetsplikt, gi opplysninger til kommunens barneverntjeneste når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. §§ 4-10, 4-11 og 4-12, eller når et barn har vist vedvarende alvorlige atferdsvansker, jf. § 4-24. Like med offentlige myndigheter regnes organisasjoner og private som utfører oppgaver for stat, fylkeskommune eller kommune. Også etter pålegg fra de organer som er ansvarlige for gjennomføringen av loven plikter offentlige myndigheter å gi slike opplysninger.

Også yrkesutøvere i medhold av lov om helsepersonell mv., lov om psykisk helsevern, lov om helsetjenesten i kommunene, lov om familievernkontorer og meklingsmenn i ekteskapsaker (jf. lov om ekteskap), samt lov om frittstående skolar plikter å gi opplysninger etter reglene i andre ledd.»

Ved endringslov 17. juni 2005 nr. 65 blei § 6-4 andre ledd endra. Endringa inneber at opplys-

ningsplikta er utvida til også å omfatte opplysningar som er nødvendige i samband med saker som fylkesnemnda skal behandle etter §§ 4-19 (samvær), 4-20 (fråtaking av foreldreansvar og adopsjon) og 4-21 (oppheving av vedtak om omsorgsovertaking). Dei som er omfatta av opplysningsplikta, har plikt til å gi dei opplysningane som er nødvendige for å kunne vurdere om ei flytting tilbake til foreldra, eller samvær med dei, kan føre til ein situasjon eller risiko for barnet som kan føre til ein omsorgssviktsituasjon. Endringa trer i kraft 1. januar 2006.

Medarbeidarane ved dei fem sentra som er i offentleg eige, kjem også inn under reglane om teieplikt i forvaltningslova. Forvaltningslova § 13 seier at «enhver som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan» har teieplikt. Brot på teieplikta er straffesanksjonert. Når senteret er i offentleg eige, gjeld opplysningsplikta til barnevernet i medhald av barnevernlova § 6-4 utan hinder av teieplikta og uavhengig av om den opplysningane gjeld, har gitt samtykke.

Private krisesenter:

Sidan dei private krisesentra blir finansierte gjennom offentlege midlar, har det vore drøfta om dei må reknast som «private som utfører oppgave for stat, fylkeskommune eller kommune», jf. barnevernlova § 6-4 andre ledd, andre punktum, og såleis er omfatta av føresegna om opplysningsplikt i barnevernlova. Føresegna har likevel vore tolka slik at ho ikkje omfattar desse krisesentra, sidan ein ikkje kan seie at dei utfører offentlege oppgåver. Det politiske fundamentet for krisetiltaka har i stor grad vore at dette skal vere private velferdstilbod.

På bakgrunn av at krisesentra ikkje er lovregulerte tiltak, må dei som ønskjer å oppbevare personopplysningar og sensitiv informasjon elektronisk, søkje konsesjon frå Datatilsynet, i samsvar med personopplysningslova. Dei fleste av krisesentra har konsesjon frå Datatilsynet eller kjem i alle tilfelle inn under verkeområdet for lova, fordi ein vurderer det slik at dei behandlar personopplysningar. Det kan unntaksvis skje at eit senter blir vurdert til ikkje å behandle personopplysningar, og verksemda fell då utanfor verkeområdet for lova.

Etter personopplysningslova kan det i utgangspunktet ikkje utleverast opplysningar utan at den opplysningane gjeld, har gitt samtykke til det. Unntak frå denne teieplikta er mellom anna det forholdet at utlevering er regulert i lov, til dømes barnevernlova § 6-4, som dei offentlege sentra er omfatta av.

Datatilsynet har utarbeidd retningslinjer for å behandle personopplysningar om brukarar ved krisesenter. Retningslinjene gjeld både for dei som har konsesjon, og for dei som ein elles reknar med behandlar personopplysningar. Det går fram av desse retningslinjene at den daglege leiaren kan gi opplysningar til barneverntenesta i kommunen når det er god grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen, eller når det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt. Dersom det ikkje er mogleg å innhente samtykke, og situasjonen er prekær for barnet, kan den daglege leiaren rapportere til barnevernet. Grunnlaget for unntaket frå kravet om samtykke er heimla i personopplysningslova §§ 8 bokstav f og 9 tredje ledd.

Retningslinjene frå Datatilsynet skil seg frå opplysningsplikta i barnevernlova ved at det ikkje er ei *plikt*, men ein *rett* å gi opplysningar vidare. Det inneber også at barneverntenesta ikkje kan krevje at sentra gir opplysningar. Vidare er kriteriet at situasjonen er «prekær» for barnet, og at det skal vere *god grunn* til mistanke og ikkje berre *grunn* til mistanke.

Krisesentersekretariatet har utarbeidd ei rettleiing for teiepliktinstruksen, som er revidert på bakgrunn av og i tråd med retningslinjene frå Datatilsynet. Krisesentersekretariatet krev av sine medlemmer at dei følgjer rettleiinga. Det går fram av denne rettleiinga at krisesenterpersonell har ei moralsk plikt til å melde frå til barnevernet dersom dei har mistanke om at eit barn blir mishandla eller utsett for anna alvorleg omsorgssvikt.

Etter rundskriv Q-1/2005B frå Barne- og familiedepartementet om retningslinjer for statstilskot til krisesenter skal alle som arbeider ved krisesentra, ha teieplikt. Det einskilde senteret kan ta atterhald om unntak frå teieplikta. Unntaket frå teieplikta kan likevel ikkje vere meir omfattande enn opplysningsplikta etter barnevernlova § 6-4. Unntaket frå teieplikta må også vere i tråd med dei avgrensingane i forhold til personopplysningslova som er nemnde ovanfor. Ein føreset at krisesentra opplyser kvinnene om avgrensingar i den sjølvpålagde teieplikta.

Fleire private senter har utarbeidd eigne erklæringar om teieplikt, som går ut på at dei som arbeider ved sentra, har teieplikt om opplysningar dei får tilgang til gjennom arbeidet ved senteret (sjølvpålagd teieplikt). Somme senter med sjølvpålagd teieplikt tek atterhald overfor kvinnene om at dei vil utlevere opplysningar om alvorlege forhold til barnevernet. Unntak frå den sjølvpålagde teieplikta inneber ein rett til å gi opplysningar til barnevernet, men inga plikt for dei private krisesentra. Dei kan derfor heller ikkje bli

pålagde å utlevere opplysningane på initiativ frå barnevernet.

Brot på den sjølvpålagde teieplikta er ikkje straffesanksjonert, men krisesentra kjenner seg moralsk forplikta av lovnaden om teieplikt som dei har gitt. Ein del krisesenter ønskjer derfor heller ikkje å vere med i samarbeid eller gi opplysningar om brukarane utan at dei det gjeld, har gitt samtykke til det.

Profesjonsbestemt teieplikt:

Profesjonsutøvarar, til dømes helsepersonell som er knytte til krisesenteret i kraft av profesjonen sin, har profesjonsbestemt teieplikt på vanleg måte i arbeidet sitt i forhold til krisesenteret. Helsepersonell er underlagt opplysningsplikt til barnevernet etter helsepersonellova § 33, jf. barnevernlova § 6-4 tredje ledd. Dette gjeld uavhengig av om senteret er offentleg eller privat drive.

Straffelova § 139 – avverjeplikta:

Uavhengig av all teieplikt har straffelova § 139 eit pålegg om allmenn plikt til å «anmelde til vedkommende myndighet eller på annen måte søke avverget» visse alvorlege brotsverk, dersom det på det tidspunktet vedkomande fekk påliteleg kunnskap, var mogleg å førebyggje brotsverket eller følgjene av det. Den mest aktuelle måten å oppfylle avverjeplikta på er gjennom melding til politiet. For medarbeidarar ved krisesenter kan avverjeplikta etter § 139 særleg vere aktuell ved fare for valdtekt (strl. § 192), incest (strl. §§ 197 og 199), grov lekamskade (strl. § 231) og drap (strl. § 233). Det er i utgangspunktet straffbart ikkje å rette seg etter denneplikta.

Det er berre dei aller grovaste tilfella av mishandling som utløyser avverjeplikta etter straffelova § 139, medan opplysningsplikta etter barnevernlova § 6-4 blir utløyst av dei meir vidfemnande omgrepa mishandling og alvorleg omsorgssvikt. Det blir også stilt ulike krav til kunnskap for å utløyse høvesvis avverjeplikta og opplysningsplikta. Etter strl. § 139 blir plikta først utløyst ved «pålitelig kunnskap», medan ho etter barnevernlova § 6-4 blir utløyst alt når det er «grunn til å tro».

4 Vurderingar og forslag frå arbeidsgruppa

I rapporten frå arbeidsgruppa heiter det at spørsmålet om opplysningsplikt til barnevernet for krisesentra har vore drøfta i lengre tid, og at krisesentra sjølve har vore initiativtakarar og aktive del-

takarak i debatten. I aukande grad har krisesentra sett og uttrykt behov for ein heimel for å utlevere opplysningar til barnevernet i dei tilfella der ei mor flyttar heim til ein valdeleg partnar. Men lojaliteten til kvinnene har også gjort spørsmålet om ein slik heimel konfliktfylt.

Arbeidsgruppa viste til at teieplikta skaper eit tillitsforhold og gir tryggleik for begge partar, og at det er gitt uttrykk for uro over at kvinnene ikkje vil vere så opne rundt problematikken dersom krisesentra ikkje kan garantere den nødvendige konfidensialiteten. Frykt for at informasjon frå kvinna kan bli brukt til å grunngi omsorgsovertaking i ei eventuell barnevernssak, kan føre til at terskelen for å ta kontakt med eit krisesenter kan bli høg, og til at kvinnene og barna blir verande i eit valdeleg forhold.

Arbeidsgruppa viste vidare til at krisesentra har ein unik kunnskap om vald mot kvinner, som er svært viktig for å kunne kjempe mot kvinnemishandling som samfunnsproblem på ein adekvat måte. Denne kunnskapen er først og fremst opparbeidd gjennom dialog med brukarane, og kan bli skadelidande dersom kvinna fryktar at den informasjonen ho gir, kan bli brukt mot henne.

Arbeidsgruppa gav uttrykk for at det er svært viktig at krisesentra kan halde fram med å hjelpe kvinner ut av forhold der dei blir mishandla, og at dette er den overordna målsetjinga for krisesentra. Denne hjelpa må ein rekne med er svært avgjerande og den beste løysinga for både kvinna og barna. For barna må ein i dei fleste tilfelle rekne med at det er svært viktig at dei framleis får ha mora som omsorgsperson, særleg med tanke på dei skadane barna alt kan vere utsette for. Arbeidsgruppa meinte likevel at barneverntenesta her kan vere ein viktig støttespelar for mora og kan setje inn hjelpetiltak og gi råd og rettleiing, i staden for omsorgsovertaking. Målsetjinga for krisesentra om samarbeid med kvinna, og bruk av tid og ressursar på å forklare henne at primæroppgåvene til barneverntenesta er å hjelpe både barnet og kvinna, kan gi tryggleik og kan byggje opp tilliten til hjelpeapparatet. Krisesentra har også sjølv peikt på at dei i dei siste åra har opplevd ei positiv utvikling ved at dei fleste kvinnene ikkje flyttar tilbake til overgriparen.

Arbeidsgruppa vurderte det slik at omsynet til barna tilseier at krisesentra får pålegg om ei opplysningsplikt til barneverntenesta i dei tilfella der mora flyttar tilbake til overgriparen saman med barna, og dermed utset barna for nye overgrep. Arbeidsgruppa viste til at det ikkje er konkrete haldepunkt for at kvinner faktisk lét vere å ta kontakt med dei offentlege krisesentra som alt i dag har

opplysningsplikt til barnevernet, eller dei krisesentra som tek atterhald om at dei har rett til å kontakte barnevernet utan samtykke dersom dei får kjennskap til alvorlege forhold.

Arbeidsgruppa meinte at opplysningsplikta for krisesentra, bør gjelde tilsvarande situasjonar som opplysningsplikta etter barnevernlova § 6-4 andre ledd. Det vil seie situasjonar der det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen eller blir utsett for andre former for alvorleg omsorgssvikt, eller der barnet har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar. Opplysningsplikta omfattar både opplysning gitt av eige tiltak og etter pålegg frå barneverntenesta. På denne bakgrunn såg arbeidsgruppa det som føremålstenleg at opplysningsplikta for krisesentra blir innarbeidd i barnevernlova § 6-4.

Arbeidsgruppa understreka at innføring av ei opplysningsplikt reiser spørsmål om forhold som teieplikt, legaldefinisjon av krisesenter og det tilknytingsforholdet medarbeidarane har til krisesenteret. Arbeidsgruppa hadde den oppfatninga at desse forholda bør lovregulerast, samtidig som det blir innført ei opplysningsplikt. Arbeidsgruppa foreslo at ei opplysningsplikt for krisesentra etter barnevernlova § 6-4 skulle innførast samtidig med ei eiga lov om krisesenter, slik det er foreslått i NOU 2003:31, som også kunne innehalde ein legaldefinisjon av krisesenter og ei rettsleg avklaring av kven som skal reknast som yrkesutøvarar ved krisesentra.

Dersom krisesentertilbodet ikkje blir lovfesta, foreslo arbeidsgruppa alternativt at barnevernlova § 6-4 skulle få eit nytt fjerde ledd som gir krisesentra pålegg om ei opplysningsplikt, med denne ordlyden:

«Uten hinder av taushetsplikt skal krisesentre gi opplysninger til barneverntjenesten etter reglene i andre ledd.»

Arbeidsgruppa peikte på at dersom det ikkje blir laga ei eiga krisesenterlov, vil det vere nødvendig å vurdere nærmare kvar det kan givast ein klar definisjon av krisesentra, og kva for medarbeidarar på krisesentra som skal omfattast av opplysningsplikta, slik at det ikkje oppstår tvil om kva for ei teneste og kven som kjem inn under den lovbestemte opplysningsplikta. Arbeidsgruppa meinte at det ikkje ville vere føremålstenleg å gi ein slik definisjon av krisesentra i barnevernlova og viste til at ein slik definisjon kan bli bestemmande for andre forhold enn opplysningsplikta til barnevernet. Arbeidsgruppa meinte at det ikkje ville vere naturleg at barnevernlova på den måten regulerer generelle forhold for krisesentra.

5 Synspunkt frå høyringsinstansane

Fleirtalet av høyringsinstansane, *Fylkesmannen i Rogaland, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Fylkesmannen i Vest-Agder, Fylkesmannen i Hedmark, Utlendingsdirektoratet, Oslo kommune, velferd og sosiale tjenester, Oslo kommune, Barne- og familie-etaten, Advokatforeningen, Fagforbundet, Barneombudet, Redd Barna, Norsk Krisesenterforbund, JURK og ATV*, støttar forslaget om ei opplysningsplikt for krisesentra til barnevernet. Her er dei viktigaste momenta i fråsegnene frå desse instansane:

Advokatforeningen peiker på at dei ulike driftsmåtene for krisesentra og det faktum at dei tilsette ofte har svært ulike bakgrunn, erfaring og utdanning, gjer at det er viktig at det blir innført ei opplysningsplikt til barnevernet for alle krisesenter, uavhengig av driftsform, der ei mor med opphald på senteret flyttar tilbake til ein valdeleg partner saman med barna sine.

Norsk Krisesenterforbund støttar forslaget og viser til at erfaringane frå dei krisesentra som alt har opplysningsplikt til barnevernet, viser at dette i seg sjølv ikkje har representert noko problem.

Barneombudet peiker mellom anna på at opplysningsplikt ved krisesentra kan vere med og gi tryggleik for kvinnene som oppsøker sentra og også for barna deira. Barneombudet vurderer ein situasjon der krisesenteret veit at eit barn flyttar tilbake til ein valdeleg forelder utan at det blir gripe inn, som uhaldbar og som brot på artikkel 19 i Barnekonvensjonen. Barneombudet meiner også at det må reknast som alvorleg omsorgssvikt, jf. barnevernlova § 6-4 andre ledd, dersom eit barn veks opp i ein heim der barnet eller ein av dei nære føresette blir utsett for vald. Barneombudet ser også store fordelar ved at teiepliktproblematikken blir formalisert, at det blir gitt ein klar definisjon av krisesenter, og at ansvaret til frivillige blir avklart, slik at opplysningsplikta også kan gjelde desse.

Kommunenes Sentralforbund, Krisesentersekretariatet, Forum for Menn og Omsorg og BarneFaren er imot forslaget. Her følgjer dei viktigaste momenta i fråsegnene frå desse instansane:

Krisesentersekretariatet viser til at dei har vedteke ein felles føresegn om teieplikt som regulerer melderett, og at praksis fungerer til beste for mor og barn. Opplysningsplikt kan føre til at kvinner med barn ikkje oppsøker krisesenteret, men held fram samlivet med overgriparen. Kvinner med innvandrarbakgrunn som har dårleg nettverk i Noreg, som har dårlege norskkunnskapar, og som opplever eit sterkt press både frå mannen og eigen familie, kan vere særleg utsette. Krisesentersekretaria-

tet viser også til at dei har fleire døme på at barnevernet blir kontakta utan at det blir følgt opp av barnevernet, og at før det blir pålagt ei meldeplikt, bør ein i alle fall sørge for at barnevernet har tilstrekkeleg personell som har kompetanse når det gjeld vald og overgrep, og har ressursar til å følgje opp familien.

BarneFaren viser til at det berre er framstillinga til mora som blir lagd til grunn, utan at faren blir høyrd, og reiser spørsmål ved at arbeidsgruppa ikkje har vurdert risikoen for at påstandane om overgrep er overdrivne eller falske dersom ei mor vel å flytte tilbake til mannen/sambuaren. BarneFaren gir uttrykk for at ei opplysningsplikt ikkje vil vere anna enn ei vidareføring av sladder så lenge det berre er framstillinga til mora som blir lagd til grunn.

6 Vurderingar og forslag frå Barne- og familiedepartementet

6.1 Behovet for at krisesenter får opplysningsplikt til barnevernet

Kvinner med barn som oppsøker eit krisesenter, flyttar i ein del tilfelle tilbake til overgriparen med barna. Det kan innebære at barna kjem tilbake til eit tilvære der dei blir utsette for vald og overgrep, anten direkte eller ved at dei blir vitne til vald. I somme tilfelle er det ikkje andre instansar enn krisesenteret som kjenner til forholda i heimen.

Det kan føre til alvorlege skadar for barn å bli utsette for vald og overgrep, anten direkte eller ved at dei er vitne til vald. Departementet meiner at det er viktig av omsyn til barnet at krisesentra melder frå til barnevernet dersom dei i denne situasjonen har grunn til å tru at barnet blir utsett for alvorleg omsorgssvikt. Ein slik situasjon er så alvorleg at ein ikkje kan overlata til private å handsame dette. Det er viktig at barneverntenesta med sin spesialkompetanse får nødvendige opplysningar, slik at barnet blir sikra nødvendig hjelp og omsorg. Etter departementet si meining må krisesentra, på same måten som alle andre som har opplysningsplikt til barnevernet etter gjeldande rett, ha opplysningsplikt både av eige tiltak og etter pålegg frå barneverntenesta. På denne måten oppfyller ein behovet for at barneverntenesta både blir sikra opplysningar i dei tilfella der dei er uvitande om situasjonen i familien, og i dei tilfella der barneverntenesta har behov for tilleggsopplysningar utover dei barneverntenesta alt sit inne med.

I høyringsrunden har *Krisesentersekretariatet* vist til erfaringar med at barnevernet er blitt kon-

takta utan at meldinga blir følgt opp. Departementet vil i denne samanhengen vise til at teieplikta i barneverntenesta også gjeld overfor den som har gitt melding til barneverntenesta. barneverntenesta har som hovudregel korkje plikt eller rett til å gi opplysningar til meldaren om korleis barneverntenesta følgjer opp saka, eller om kva for tiltak som eventuelt blir sette i verk. At meldaren ikkje kjenner til oppfølginga, er derfor ikkje det same som at barneverntenesta ikkje følgjer opp meldinga. Sjølv om det kan vere konkrete situasjonar der det er usemje mellom den som gir opplysningar og barneverntenesta om kva som er nødvendig å setje inn av tiltak, bør dette ikkje i noko tilfelle føre til at barnevernet ikkje blir informert, slik at dei kan vurdere omsorgssituasjonen for barnet.

BarneFaren har i høyringsrunden peikt på at ei opplysningsplikt har liten verdi, fordi det berre er framstillinga til mora som blir lagd til grunn. Til dette vil departementet seie at i den grad opplysningane gir eit misvisande bilete av omsorgssituasjonen til barnet, vil det bli avdekt gjennom dei undersøkingane barneverntenesta finn grunn til å gjennomføre.

Departementet ser at det er viktig at ei kvinne som oppsøker eit krisesenter, kan kjenne seg trygg, også på at opplysningar ho gir, ikkje blir vidareformidla utan samtykke frå henne. Belastninga for tillitsforholdet er likevel vurdert i andre samanliknbare situasjonar, til dømes i lov om helsepersoneell, lov om familievernkontor og meklingsmenn i ekteskapsaker (jf. lov om ekteskap), og omsynet til vern av barna har også i desse situasjonane fått avgjerande innverknad. Lovgivaren har med dette sett omsynet til barnet framfor behovet for å kunne ta vare på tillitsforholdet i eit behandlar/klient-forhold. Departementet er derfor einig i arbeidsgruppa si vurdering om at omsynet til barnet må vege tyngre, og viser her til drøftinga i rapporten frå arbeidsgruppa.

Departementet går også ut frå at det kan vere positivt for mor til barnet at ho sjølv blir fråteken ansvaret for å melde frå til barneverntenesta. Press frå samlivspartnaren kan gjere dette vanskeleg. Det kan også vere ein fordel for dei som arbeider ved krisesentra, at dei kan vise til at dei har ei opplysningsplikt i ein slik situasjon. I dialogen mellom krisesenteret og brukaren kan då merksemda rettast mot korleis barnevernet skal informerast, og eit samarbeid om korleis dette skal gjerast, framfor eit spørsmål om barnevernet skal kontaktast eller ikkje.

Departementet kan ikkje sjå at dei retningslinjene som er utarbeidde av Datatilsynet, og krisesentra si eiga rettleiing for teieplikt og opplysnings-

plikt, er tilstrekkeleg for det ansvaret krisesentra bør ha for å gi opplysningar til barnevernet. Personopplysningslova og retningslinjene frå Datatilsynet kan etter departementet si vurdering derimot innebere ei større avgrensing i kva for opplysningar som kan givast, enn det som følgjer av opplysningsplikta i barnevernlova § 6-4. Jamfør framstillinga ovanfor om at retningslinjene ikkje inneber ei *plikt*, men ein *rett* til å gi opplysningar vidare, at barneverntenesta ikkje kan påleggje sentra å gi opplysningar, at kriteriet er at situasjonen er «prekær» for barnet, og at det skal liggje føre *god grunn* til mistanke og ikkje berre *grunn* til mistanke.

Departementet ser heller ikkje at avverjeplikta etter straffelova § 139 er tilstrekkeleg til å gi barnet godt nok vern og viser til at denne føresegna ikkje nødvendigvis kan brukast ved til dømes det å vere vitne til vald.

Det må også vurderast som uheldig at krisesentra er underlagt ulike reglar om teieplikt og opplysningsplikt, avhengig av eigarskap og organisering, og avhengig av om ein meiner at dei behandlar personopplysningar og såleis kjem inn under personopplysningslova eller ikkje.

Departementet vil derfor foreslå at krisesentra får ei opplysningsplikt til barnevernet på lik linje med offentlege styresmakter og organisasjonar og private som utfører oppgåver for det offentlege.

6.2 Nærmare om lovfesting av ei opplysningsplikt for krisesenter til barnevernet

Det er eit grunnleggjande forvaltningsrettsleg utgangspunkt at private ikkje kan påleggjast plikter utan heimel i lov, med mindre det ligg føre grunnlag i eigarråderett eller avtalekompetanse (legalitetsprinsippet). Departementet meiner at krisesentra ikkje kan påleggjast ei opplysningsplikt ved ei fornya fortolking av barnevernlova § 6-4 slik at ho også skal omfatte krisesenter, sidan dette må vurderast slik at det er i strid med legalitetsprinsippet. Innføring av ei slik plikt krev ein klar lovheimel. Opplysningsplikt for krisesenter til barnevernet føreset derfor ei lovendring.

Departementet har vurdert kva for ei lov ei slik opplysningsplikt bør heimlast i. Det finst inga særlovgiving der det er naturleg å regulere opplysningsplikta. Barnevernlova er ei generell lov, men omhandlar spesifikt spørsmålet om opplysningsplikt i slike tilfelle. Departementet meiner derfor at ei opplysningsplikt for krisesenter til barnevernet bør regulerast i barnevernlova.

Den opplysningsplikta offentlege styresmakter og organisasjonar og private som utfører oppgåver for staten, fylkeskommunar og kommunar, har etter barnevernlova § 6-4 andre ledd, korresponderer med den lovpålagde teieplikta som er regulert i forvaltningslova og/eller i særlovgiving. For dei private krisesentra er som nemnt teieplikta sjølvpålagd/avtalebasert eller følgjer av personopplysningslova i den grad opplysningane vurderast som behandling av personopplysningar.

Dersom krisesenterverksemda skal ha opplysningsplikt til barneverntenesta, er det etter departementet si meining behov for å sikre at denneplikta korresponderer med ei lovpålagd teieplikt når det gjeld opplysningar som kjem fram i samband med dei undersøkingane barneverntenesta gjer. Dersom barnevernet får opplysningar om alvorleg omsorgssvikt overfor eit barn, kan barnevernet ha behov for å be om fleire opplysningar. Ein slik førespurnad frå barneverntenesta vil i seg sjølv vere ei sensitiv opplysning og bør kome inn under teieplikta.

Den lovpålagde teieplikta for dei private krisesentra bør likevel ikkje være meir vidtrekkjande enn at ho omfattar opplysningar som kjem fram i samband med at barneverntenesta innhentar opplysningar. Det er ikkje ei målsetjing å lovregulere meir av verksemda i krisesentra enn det som er nødvendig i samband med innføring av ei opplysningsplikt. Teieplikt utover dette blir regulert etter gjeldande reglar og retningslinjer, i form av sjølvpålagd og avtalebasert teieplikt, retningslinjer for statstilskot, personopplysningslova og retningslinjer frå Datatilsynet.

Departementet foreslår at opplysningsplikta for krisesenterverksemda blir skild ut i ei eiga føresegn, som ny § 6-4 a. På denne måten kan spørsmål om teieplikt regulerast særleg, men avgrensa til det aktuelle området.

På bakgrunn av at krisesenterverksemda ikkje er lovregulert, finst det heller ingen legaldefinisjon av kva som er eit krisesenter. Når det skal påleggjast ei plikt, er det nødvendig med ei klar avgrensing av kven som skal vere omfatta avplikta, for å sikre at det ikkje oppstår tvil om verksemda er pålagd opplysningsplikt. Departementet foreslår at det i lova blir vist til krisesenter som får driftskostnadene dekte av det offentlege, og at det i forskrift blir spesifisert kva for krisesenter som er omfatta, slik det er foreslått i lovutkastet første og fjerde punktum.

Det er vidare behov for å presisere kven som skal omfattast av ei eventuell opplysningsplikt knytt til krisesentra. Sjølv om heile eller delar av personalet ved mange av krisesentra er tilsette i

vanleg forstand, har sentra tradisjonelt vore drivne ved hjelp av ein stor prosentdel frivillige, ulønna medarbeidarar. Nokre private senter er framleis avhengige av frivillige for å kunne halde oppe eit døgnope tilbod. Dei frivillige medarbeidarane kjem i kontakt med brukarane på same måten som det tilsette personalet, og det kan vere tilfeldig om det er dei tilsette eller dei frivillige som får kjennskap til opplysningar som kan utløyse opplysningsplikt til barnevernet. Departementet meiner derfor at alle medarbeidarar ved krisesentra bør vere omfatta av opplysningsplikta. Dette kan også regulerast nærmare i forskrifta og er foreslått i lovutkastet fjerde punktum.

Det kan også oppstå behov for ei nærmare utdjuping av opplysningsplikta og teieplikta, sidan dette ikkje er regulert i særlovgiving for krisesenter. Det kan til dømes vere behov for klare rutinar i forhold til det ansvaret medarbeidarar og den daglege leiaren skal ha, og ansvarsfordelinga dei imellom. Det kan også vere behov for å fastsetje rekkjevidda av teieplikta nærmare. Departementet vil derfor foreslå ein forskriftsheimel som også omfattar desse spørsmåla, jf. lovutkastet femte punktum.

Forsettleg eller aktaust brot på den lovpålagde teieplikta som følgjer av teneste eller arbeid for eit statleg eller kommunalt organ, blir straffa etter straffelova § 121 med bøter eller fengsel inntil seks månader. Private krisesenter er ikkje omfatta, fordi ein ikkje vurderar det slik at dei utfører arbeid for noko statleg eller kommunalt organ. Brot på den sjølvpålagde, avtalebaserte teieplikta for krisesentra er ikkje straffesanksjonert, og kan ikkje få større konsekvensar enn at det ikkje vil bli gitt statstilskot. Brot på personopplysningslova kan føre til tvangsmulkt og straff.

Når krisesentra i denne samanhengen får ei lovpålagd teieplikt om forhold dei får kjennskap til i samband med at barnevernet hentar inn opplysningar, vil teieplikta ha liten verdi dersom konsekvensane av brot på denneplikta ikkje er adekvate. Departementet meiner derfor at brot på teieplikta må straffesanksjonerast på same måten som for dei som utfører arbeid for eit statleg eller kommunalt organ.

Forvaltningslova § 13 b opnar for at eit forvaltningsorgan kan påleggje private som vitnar eller liknande, teieplikt når dei får opplysningar som kjem inn under teieplikta i samband med at dei uttaler seg til organet. Brot på ei slik teieplikt kan straffast etter straffelova § 121, dersom vedkomande er gjord merksam på at eit brot på teieplikta kan få ei slik følgje. Departementet meiner at eit eventuelt brot på teieplikta frå krisesenteret si side

når det gjeld dei forholda dei får kjennskap til i samband med at barnevernet hentar inn opplysningar, bør regulerast tilsvarende. Det er foreslått nedfelt i ny § 6-4 a tredje punktum.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget vil ikkje føre til nemnande økonomiske eller administrative konsekvensar, korkje for krisesentra sjølve eller for barneverntenesta.

8 Merknader til paragrafen

Til § 6-4 a

Føresegna gir private krisesenter pålegg om opplysningsplikt til barnevernet. Opplysningsplikta for dei offentlege krisesentra blir regulert av § 6-4. Opplysningsplikta skal gjelde dei tilfella som er omhandla i § 6-4, det vil seie når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen, eller det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt, jf. §§ 4-10, 4-11 og 4-12, når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, jf.

§ 4-24, når fylkesnemnda skal behandle saker etter §§ 4-19 (samvær), 4-20 (fråtaking av foreldreansvar og adopsjon) og 4-21 (oppheving av vedtak om omsorgsovertaking). Opplysningsplikta gjeld både av eige tiltak og etter pålegg frå barneverntenesta.

Føresegna gir vidare krisesentra pålegg om ei straffesanksjonert teieplikt om forhold dei får kjennskap til i samband med at barneverntenesta hentar inn opplysningar. Føresetnaden for straffeansvar er at vedkomande er gjort merksam på at eit brot på føresegna kan få ei slik følge.

Departementet skal i forskrift bestemme kva for krisesenter og kva for medarbeidarar som skal omfattast. Føresegna opnar også for at departementet kan gi forskrift om det nærmare innhaldet i opplysningsplikta og teieplikta.

Barne- og familiedepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring i barnevernloven (opplysningsplikt mv. for krisesenter til barneverntenesta)

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endring i barnevernloven (opplysningsplikt mv. for krisesenter til barneverntenesta) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endring i barnevernloven (opplysningsplikt mv. for krisesenter til barneverntenesta)

I lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester blir det gjort følgjande endring:

I

Ny § 6-4 a skal lyde:

Medarbeidere ved private krisesentre som får driftskostnadene dekket av det offentlige, har opplysningsplikt som nevnt i § 6-4 annet ledd. Medarbeiderne har taushetsplikt om de forhold de får kjennskap til i forbindelse med barneverntjenestens innhenting av opplysninger.

Overtredelse av taushetsplikt etter denne bestemmelsen kan straffes etter straffeloven § 121 dersom vedkommende er gjort oppmerksom på at overtredelsen kan få slik følge.

Departementet skal gi forskrift om hvilke krisesentre og medarbeidere som omfattes av bestemmelsen i denne paragraf. Departementet kan videre gi forskrift med nærmere bestemmelser om innholdet i opplysningsplikten og taushetsplikten.

II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.
